



Solfrid Hylland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/747 - 16/5815

Saksbehandlar:

Atle Vaage

Atle.Vaage@lindas.kommune.no

Dato:

02.03.2016

Løyve til trefelling, Storneset Leiknes 02.03.2016

Viser til søknad om trefelling i friområdet mellom Storneset og Leiknes skule.

Lindås kommune gir herved løyve til å gjennomføra trefelling og rydding i den delen av området som er eigd av Lindås kommune. Kva del av området som er eigd av kommunen, går fram av vedlagt kart. På kartet er markert med skravering kor dette løyve gjeldt for. Vi gjer særleg merksam på at om lag halvparten av området De har markert i Dykkar søknad, ikkje er omfatta av dette løyvet.

Områda søraust for grenselinja, merka ALH på vedlagt kart, tilhøyrer Arne Leiknes Hopsdal. De må sjølv kontakta eigar av dette området og be om eventuelt løyve til å fella tre og rydda på hans grunn.

Vilkår for felling/rydding på kommunen sin eigedom:

De ber sjølv ansvar for at arbeidet går føre seg på ein trygg og sikker måte.

Det skal ikkje forekoma arbeid som bryt helgedagsfreden og dei allemenne reglane for ro og orden.

Området skal ryddast fortløpande etter kvart som det vert felt tre. Ved skal takast ut. Greiner og kapp skal flisast opp, eller leggjast i haugar.

Det må ikkje fellast tre på ein slik måte at det vert ståande att opne flater med tre på naboeigedom eller mot skråningar som er utsett for vindfall.

Med helsing

Atle Vaage

fagansvarleg idrett og grønt

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedlegg:

kart trefelling storneset leiknes

Kopi til:

Arne Leiknes Hopsdal
Storneset Velforeining

Leknesvegen 50 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Solfrid Hylland